



DET KONGELIGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Longyearbyen lokalstyre
Postboks 350
9171 LONGYEARBYEN

Deres ref.

Vår ref.

Dato

21/5450 - EMO

17.01.2022

Tilskuddsbrev Longyearbyen lokalstyre 2022 - Svalbardbudsjettet kap. 0003
Justis- og beredskapsdepartementet viser til Prop. 1 S (2021-2022) Svalbardbudsjettet, jf. Innst. 17 S (2021-2022) og Stortingets budsjettvedtak nr. 116 av 15. desember 2021.

I 2022 blir følgende middel tildelt Longyearbyen lokalstyre:

(i 1000 kroner)

Kap. 0003	Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	
Post 50	Tilskot	160 290
Sum		160 290

Som følge av forslaget om å redusere makspris i barnehage frå 1. august 2022 er tilskotet auka med 120 000 kroner samanlikna med forslag til løyving i Prop. 1 S (2021-2022) Svalbardbudsjettet. Som følge av vedtak om å ikkje utvide timetalet med ein ekstra time i naturfag på ungdomstrinnet, er tilskotet redusert med 40 000 kroner samanlikna med forslag til løyving.

Utbetaling

Midla vil bli utbetalt når Justis- og beredskapsdepartementet mottar:

- Utbetalingoppmoding signert av lokalstyret sin leiar eller administrasjonssjef. Gjennom underskrifta blir det bekrefta at vilkåra i tilskotsbrevet er aksepterte.
- Kontonummer beløpet skal bli overført til.

Føresetnader for bruk av tilskotet

Løyvinga på posten skal nyttast til drift av Longyearbyen lokalstyre gjennom ei ramme-løyving.

Longyearbyen lokalstyre er oppretta i medhald av Svalbardloven. Longyearbyen lokalstyre skal, innanfor dei rammene tilskotet over svalbardbudsjettet gir, sørge for at dei oppgåvene Longyearbyen lokalstyre er tillagt i lov og forskrift, blir utførte på ein tilfredsstillande måte og i tråd med føringane for norsk svalbardpolitikk.

Eit av hovudmåla i svalbardpolitikken er å halde ved lag norske samfunn på Svalbard. Målet blir oppfylt i hovudsak gjennom familiesamfunnet i Longyearbyen. Det er eit mål at Longyearbyen skal vere eit levedyktig lokalsamfunn som er attraktivt for familiar, og eit samfunn som medverkar til å oppfylle og støtte opp under dei overordna måla i svalbardpolitikken.

Longyearbyen lokalstyre har ansvar for forvaltninga av nærare definerte saksområde innanfor Longyearbyen sitt arealplanområde, jf. Svalbardlova § 33 og forskrift til svalbardmiljølova. På fleire felt er oppgåvene dei same som dei ein kommune på fastlandet har.

Longyearbyen lokalstyre har i tillegg eit lovpålagt ansvar for infrastruktur i Longyearbyen som ikkje er lagt til staten eller andre. Dette gjelder bl.a. energiforsyning. Vi viser til brev frå Olje- og energidepartementet av 13. oktober 2021. Longyearbyen lokalstyre blei bedt om å utarbeide ein heilskapleg energiplan for Longyearbyen innan utgangen av 2022.

Longyearbyen lokalstyre har ingen oppgåver eller utgifter til eldreomsorg, då Longyearbyen ikkje er eit livsløpssamfunn. Longyearbyen lokalstyre har heller ikkje ansvar for eller utgifter til andre helse- og omsorgstenester.

Når det gjeld Longyearbyen lokalstyre sine oppgåver knytt til smittevern, viser vi til brev frå Helse- og omsorgsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet av 5. mars 2020 om smittevernlova si bruk på Svalbard ved eventuell koronasmitte. I brevet heiter det at Longyearbyen sjukehus har kommunelegen sine oppgåver etter smittevernlova og at slik myndigheit skal bli utøvd i samråd med m.a. Longyearbyen lokalstyre.

Longyearbyen lokalstyre har ansvar for byggeforskrift for Longyearbyen. Forskrifta er ikkje i tråd med gjeldande teknisk forskrift etter plan- og bygningslova, og departementet oppmodar Longyearbyen lokalstyre om snarast å ta tak i arbeidet med å revidere forskrifta.

Longyearbyen lokalstyre har planmynde for Longyearbyen arealplanområde. Departementet signaliserer at ein ikkje ønskjer vekst i den samla bustadmassen i Longyearby-

en. Ei eventuell utskifting av bustader bør fortrinnsvis skje gjennom transformasjon og fortetting, og ikkje ved å ta areal utan bygg i bruk. Det er likevel ikkje til hinder for å erstatte dei bustadane som sidan 2015 er rive på grunn av snøskred eller snøskredtiltak. Talet på kvadratmeter bustadar bør samstundes kunne aukast for at ein skal kunne erstatte små bustader for einslege med familiebusadar. Vidare kan det i enkelte tilfelle vere nødvendig å auke talet på bustader i ei portefølje, for å få gjennomført vedlikehald.

Longyearbyen lokalstyre har ei generell beredskapsplikt, jf. sivilvernlova §§ 14, 15 og 29, som gjeld på Svalbard, jf. *forskrift om sivilbeskyttelseslovens anvendelse på Svalbard og om beredskapsplikt for Longyearbyen lokalstyre*. Formålet med ei generell beredskapsplikt er at kommunar på fastlandet og Longyearbyen lokalstyre skal sjå arbeidet med tryggleik i samanheng og planleggje ut frå dette. Forskrifta pålegg Longyearbyen lokalstyre sjølv å ta ansvar for eit systematisk, kontinuerleg og godt arbeid med samfunns-tryggleik og beredskap, og vurdere om det trengst særskilde førebuingar.

Longyearbyen lokalstyre skal sende over til Justis- og beredskapsdepartementet årsbudsjett, fireårig økonomiplan, årsrekneskap og årsmelding i tråd med Svalbardloven § 40, jf. kommuneloven kapittel 14, med kopi til Sysselmeisteren. Når det gjeld fristar og krav til oppsett viser vi til kapittel 5 i *Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.*

Justis- og beredskapsdepartementet og Riksrevisjonen kan føre kontroll med at tilskotet blir nytta i tråd med føresetnadene, jf. Stortinget sitt løyvingsreglement § 10.

Justis- og beredskapsdepartementet understreker at Longyearbyen lokalstyre må ha ei realistisk budsjettering av inntekter og utgifter.

Overskotsutdeling frå Nordpolet AS

Etter forskrift 5. april 2000 nr. 347 om overskotsutdeling frå Nordpolet AS, skal nettooverskotet frå sal av alkoholholdig drikk frå Nordpolet bli overført til Longyearbyen lokalstyre, som fordeler midla til velferdsformål. Rapportering på bruk av midla skjer til Sysselmeisteren i tråd med nemnde forskrift. Rapportering kan inngå som ein del av årsrapporten.

Dialog med sentrale styresmakter

Longyearbyen lokalstyre utøver myndighet og verksemd innanfor nasjonale rammer og ramma av norsk svalbardpolitikk. Dialogen mellom Longyearbyen lokalstyre og sentrale styresmakter er ein viktig faktor for utøving av god mynde. Justis- og beredskapsdepartementet ønskjer å føre vidare denne dialogen gjennom jamlege kontaktmøte mellom Longyearbyen lokalstyre og departementet, og mellom lokalstyret og Det interdepartementale polarutvalet.

Med helsing

Øystein Mortensen
ekspedisjonssjef

Erik Mosli
fagdirektør

Dokumentet er godkjent og sendes utan signatur

Kopi til

Helse- og omsorgsdepartementet
Klima- og miljødepartementet
Kunnskapsdepartementet
Olje- og energidepartementet
Riksrevisjonen